



Sondre S. Myklebust(f.v.), Karsten A. Haugland, Emil B. Berntsen, Martin Y. Røssland(fremst) og laget deira har hatt ein sterk sesong. (Foto: Ragnvald Myklebust)

Det gode G-14-laget til Rosendal/Uskedal er i ferd med å avslutte ein flott fotballsesong. Sjansane er svært gode for at gutane skal nå målsetjinga si; - puljesiger og spel om kretsmeistertittelen. Fredag kveld hadde dei besøk av Harding som måtte reise heim med eit klart tap.

Rosendal/Uskedal tok kontroll på kampen frå start og laga dei to første måla. Litt spenning vart det då gjestene frå Sørfjorden reduserte seint i 1.omgang,men heimelaget kvitterte raskt. Dermed vart pauseresultatet 3 - 1.

Gjestekeeperen måtte hente to ballar til utav mål i 2.omgang, og dermed kunne heimelaget jubla over ein solid 5 - 1-siger då sluttsignalet gjekk. Alle dei fire uskedelingane på laget gjorde ein god jobb. Sondre S. Myklebust befesta posisjonen sin som toppscorar ved å lage fire av heimelaget sine mål. Erlend Fredheim sette inn det femte.

Allsidige Ingebjørg Haugland dømte kampen. Også denne oppgåva løyste ho på ein god måte.

Med to kampar att å spele, leiar no Rosendal/Uskedal med heile 6 poeng. Njardar/Tysnes er på 2.plass. Mykje må bli snudd på hovudet om det ikkje skal enda med puljesiger. Neste kamp er mot Røldal(3.plass) på kunstgrasbanen i Rosendal førstkommande tirsdag. Med poeng der vil puljesigeren vere 100% sikker også i teorien.

Klara Bakke er oppmann for laget. Både gjestene og heimelaget sine leiarar sette nok stor pris på at ho stilte med kaffi til dei på kampen fredag. Slikt gjer underverk på kjølege haustkveldar.

Av: Thor Inge Døssland.